

Til  
Alver Kommune  
Landbrukskontoret  
v/Mikkel Bengtsson

Søknad om skadefelling av hjortevilt.

Myking og Hundvin grunneigarlag representera ein planområde på ca 70.000 dekar.  
For 3 års perioden 2019-2021 skal vi forsøke å ta ut 175 hjortevilt pr sesong.  
Hjorteviltet gjer betydeleg skade på grovfôr avlinga på nokon av gardsbruka innan vårt område.

Ihht søknad som vart levert inn før sesongen 2020 og etter møte med viltforvaltar i Alver kommune spesifiserar me på nytt søknaden og vonar på eit vedtak der grunneigarlaget får innvilga skadefelling og kan distribuera dei gitte løyva fortløpande ut til sine medlemmar etterkvart som behova kjem.

På møtet mellom styret i MHG og Landbruksavd i Alver den 13.juni 2021 diskuterte me ei løysing der vi kunne få tildelt i kategoriane kalv, spissbukk, voksen bukk, og at desse kunne takas ut etter behov hos dei som har avlings skadar. Uttak av Ho dyr skulle vurderas på nytt mellom Viltforvaltar og Landbrukssjefen. Me ønskjer å kunna ta ut den typen dyr som gjer skade, inkludert ho dyr.

Skade omfanget er størst i perioden frå medio juli til medio august, inntil 2.slåtten av tatt. Omfanget av skadane på grovfôr avlinga er betydelege reint økonomisk for dei bøndene som er avhengig av avlinga til sin produksjon.

Det er gjort ulike tiltak for å minimera skadane gjennom intensivert uttak i tildelinga på gardane som har behov. Det er i stor grad brukt jakt direkte på innmark for å klara å ta ut skadedyra i jaktperioden. Minstearealet er tatt betydeleg ned i vårt område for å klare å minimera skadane på avling.

Det har over fleire år vert forsøkt reduksjon i hjortebestand grunna avlingskadar. Det mest effektive hjelpemiddlet slik bestanden er i dag er å kunne ta ut dei spesifikke skadedyra i den perioden dei øydelegg avling.

I sesongen 2020 vart det tatt ut 2 skadedyr i forkant av jaktsesongen for å begrensa avlingskadar.

For å raskare kunne saksbehandla innkommande søknadar frå grunneigarane i ferieperioden ber styret i MHG om å få tildelt inntil 10 hjortevilt som ved behov og i samsvar med kommunen sine retningslinjer kan takas ut fortløpande i det skaden oppstår.

For styret  
Myking og Hundvingrend grunneigarlag  
Atle Bruvoll Andersen